


Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 Austrheim

## Innspeil til oppstart av kommunedeleplan for naturmangfald i Austrheim

Naturvernforbundet Nordhordland er glade for at Austrheim kommune som ein av 20 kommunar i heile landet og ein av fem i Vestland frå Miljødirektoratet har motteke midlar for å utarbeida kommunedeleplan for naturmangfald i Austrheim.

Planen vil leggja til rette for kartlegging, strategiar, mål og tiltak som saman med klimaplanen bør vera overordna og retningsgjevande for all anna planlegging i kommunen. Kampen for naturmangfald og klimaet går hand i hand og utgjer sjølve livsgrunnlaget vårt, sjå figuren under av UN sine berekraftsmål.



### Organisering

Planarbeidet er organisert med arbeidsgruppe der m.a. landbrukskontoret er representert. Slik representasjon er viktig sidan plan for naturmangfald gjennom bevaring av naturtypar som kystlyghei og naturbeitemark er tett knytt til utmarksbeite og annan skjøtsel og viktige økosystemtenester.

Gjennom ressursgruppe legg planen opp til til brei medverknad med kompetanse innan mange fagfelt knytt til naturmangfald og økosystemtenester. Naturvernforbundet er invitert og seier takk for invitasjonen. Styret sit inne med brei kompetanse og gode kunnskapar om naturmangfald i Austrheim. Det er også betryggande at Statsforvaltaren og Havforskningsinstituttet er tiltenkt sentrale roller i organiseringa.

Kommunen vil nytta konsulent til arbeidet med planen. I naturmangfaldsamanheng har Naturvernforbundet gode erfaringar med Miljøfaglig Utredning AS. I oppdrag frå Statsforvaltaren har dei mellom anna utarbeidd skjøtselsplan for deler av Øksnesmarka.

### **Prioriteringar**

Bevaring av landskap og naturmangfold har hatt høg prioritet i Naturvernforbundet Nordhordland sitt naturvernarbeid. I Austrheim har vi i samarbeid med lokale bønder og Statsforvaltaren finansiert store skjøtselsprosjekt med fjerning av sitkagran og restauring av kystlynghei gjennom lyngbrenning. Vi har også vore opptekne av artsmangfaldet i kystlyngheia med kartlegging av lav og mosar, insekt og fugl.

Gjennom kommunedelplanen kan kartleggingsarbeidet vidareførast meir systematisk i heile kommunen; også i sjøområda, som ikkje er så godt kartlagde. Det vil også vera ein fordel for lokale bønder og andre at skjøtsel av kystlynghei, naturbeitemark og innmark vert forankra i en kommunal plan. Det same gjeld skogsdrifta.

### **Utfordringar**

Oppstartsmeldinga nemner nokre spesielle utfordringar i Austrheim: Nedbygging av urørte naturområde, press på strandsona og sjøareal, støy og forstyrningar i hekkeområde, attgroing med sitkagran, tilfeldig skogplanting, nedbygging av myr og våtmark, færre landbrukseigedomar, mink og andre framandartar, pollinerande insekt som slit og sjøauren som har det vanskeleg.

Alt dette er aktuelle problemstillingar som kommunedelplanen må ta stilling til og angripa. Om planen skal lukkast med det, må det i hovudsak skje gjennom bevaring av dei naturtypene som artane trivst i. I Austrheim tyder det først og fremst den opne kystlyngheia, kystmyr og naturbeitemark, men også tareskogar, ålegras og korallrev.

Nedbygging av store samanhengande leveområde må ta slutt. Fragmentering av leveområde er det største trugsmålet mot naturmangfaldet i Austrheim slik som i verda elles.

Jan Nordø  
leiar